

Vår ref.:  
21/01412-7

Dato:  
25.08.21

## Referat IDF 5/21 (23.08.2021)

Tid: 23.08.2021, kl. 12.30 – 15.00 på Zoom

### Tilstades:

#### Arbeidsgjevar:

Gunnar Yttri	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Anette Undheim	Seniorrådgjevar HR
Linn Melby Meyer	Rådgjevar HR / referent

#### Arbeidstakar:

Eva Leirbæk	Parat
Toril Olesrud Fjørtoft	Norsk Sykepleierforbund
Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet
Aslaug Furholt	Utdanningsforbundet
Tone Skjerdal	NTL
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Hilde Kløften Duesund	Hovudverneombod

### FASTE PUNKT

#### 22/21 Godkjenning av innkalling og sakliste INFORMASJONS- OG DRØFTINGSSAKER

#### 23/21 Saker til styremøtet

Rektor Gunnar Yttri deltok i møte for å gå igjennom styresakene:

#### 43/21 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

#### 44/21 Unntak frå forskrift om opptak til studiar ved HVL – Tilbod om reservert studieplass for overskot av søkjarar med tilbod om studieplass på sjukepleie Bergen.

Rektor orienterte kort.

Parat viser til god informasjon frå avdelingsleiar Espen Fosse på informasjonsmøte til tillitsvalde. Sjølv om løysinga ikkje er optimal, er den godt grunngeve. FF stiller spørsmål om kva dette gir av meirarbeid for HVL, og om det var vurdert å gje dei tilbod om studieplass ved ei anna campus.

Organisasjonsdirektøren viser til at det på sjukepleieutdanningane har hatt gode søkartal og møtt tal ved ei andre campusane, og at det difor ikkje har vore ei aktuell løysing. For HVL vil ein måtte ta omsyn til desse studentane som er sikra plass ved neste års opptakstal.

#### 45/21 Revidert møteplan for Høgskulelestyret hausten 2021

Rektor orienterte kort. Ingen innspel frå HTV.

#### **46/21 – Møteplan for høgskulestyret 2022**

Rektor orienterte kort. Ingen innspel frå HTV.

#### **47/21 – Innspel til langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023 – 2032.**

Rektor orienterte kort.

NTL meiner at høgskulen har peika på mange viktige moment i dette innspelet, og spør om det kunne vere aktuelt å problematisere noko rundt byggekostnadar. Kostnadane til kurantbygg er varige for høgskulen, medan ABE-kutta har ført til at dei økonomiske rammevilkåra har endra seg undervegs. Rektor viser til at problematikken kring dette ikkje har vore oppe i førarbeidet til dette arbeidet, men ein aktuell problematikk å ta opp.

UDF og FF viser til at det er viktig at HVL er bevisste på det norske fagspråket og utviklar dette. Samstundes viser UDF til at tilsette føler seg framandgjort i planane, der det er stor vektlegging på økonomi og næringsliv, men mindre knytt internt i institusjonen. Rektor viser til at det er rett at innspelet er knytt til næringsliv og omstilling. Det blir vist til at HVL si rolla skal vere ei sjølvstendig forskingsinstitusjon og at ein difor må styrke arbeidet slik at universitet og høgskular får ein sentral plass i endringane som kjem.

FF stiller spørsmål om langtidsplanen og universitetsprosjektet påverkar kvarandre? Rektor viser til at dette er generelle rammer for høgskulen innan forskning og høgare utdanning. Ønskjer frå vår side er å kunne styrke vår type institusjon økonomisk knytt til fleircampusperspektivet og universitetsprosjektet.

#### **48/21 – Internrevisjonsrapport vår 2021 – Kvalitetssikring av studentdata i DBH-rapportering.**

Rektor orienterer kort.

NTL viser til at ordninga med internrevisjon fungerer godt. NTL viser til tiltaket der det er viktig å gje god opplæring ut i organisasjonen og då spesielt til fakulteta.

#### **49/21 – Tilsettingsorgan og innstillingsutval ved Høgskulen på Vestlandet.**

Rektor orienterte kort.

Organisasjonane er samde i at det er godt grep å gjere tilsettingsorgana mindre topptunge. FF viser til at det er viktig å motivere tilsettere representantar inn i desse utvala og at det er viktig å tildele ressursar til dette. Organisasjonsdirektøren viser til særavtale for råd og utval som kompenserer tilsettere representantar i råd og utval samt tilsettingsorgana ved Høgskulen.

Til spørsmål om samansetting av Tilsettingsutval for fagleg-administrative leiarstillingar på nivå 3 og 4 svarar organisasjonsdirektøren at det er eitt utval for heile HVL og samansettinga av medlemmane er lik uavhengig av kor leiarstillinga skal tilsettast. Han viser vidare til at innstillingsutvala skal stette fakultetsperspektivet i tilsettingprosessen.

Organisasjonsdirektøren viser til at det er viktig å gjere medlemmane medvitne på funksjonen i møtet. Dei skal vere ein representant for HVL og ikkje for fakultetet. Organisasjonane viser til at det er viktig å ha ein balansert representasjon, og oppmodar rektor til å sjå til fakultets- og campustilhøyre når han nemner opp medlemmar til tilsettingsutvala og innstillingsutvala.

#### **O-32/21 – Forklaringar på avsetnadar**

Rektor orienterte kort.

NTL viser til at FLKI har store avsetnadar, samstundes som ein har ei stor utfordring knytt til søkjartal på nokre av utdanningane, spesielt grunnskuleutdanninga på Stord. Stiller spørsmål om ein kan nytte noko av avsetnadane på å få opp aktiviteten på campus Stord? Rektor viser til at det i saka er fleire forklaringar på avsetnadane og at det er fleire bindingar på midlar. Orienteringssaka prøver å forklare kvifor høgskulen har fått store avsetnadar og korleis ein kan gjere om på dette.

Parat viser til at vi har vore igjennom ein spesiell tid. Stiller spørsmål om høgskulen har utarbeidd eitt eige «koronarekneskap» og om KD har signalisert at dei vil ta omsyn til dette? Rektor viser til at høgskulen ikkje har utarbeidd eitt eget koronarekneskap, men ser at der ein sparar pengar på drift og mindre reising, har ein brukt meir midlar på infrastruktur. KD har ikkje gitt signal om at det skal omsynstakast, har heller fått beskjed om å ta desse midlane i bruk.

### **O-33/21 – Status og vidare utvikling av ingeniørutdanningane ved HVL**

Rektor orienterer kort.

NTL viser til at ein ser ein samkøying av utdanningane på dei ulike campusane og at dei då vert meir og meir like, stiller spørsmål om det bør vere ulike profilar på dei ulike studiestadane slik at ein ikkje konkurrerer med seg sjølv. Rektor viser til at samkøying av utdanningane er satsa på for å bygge opp utdanningane og fagmiljøa på tvers av campus.

FF viser til at det er viktig å ta omsyn til rekruttering av tilsette og gjere HVL til ei attraktivt arbeidsplass. Ein moglegheit er å vere meir konkurransedyktig på løn samanlikna med privat næringsliv og kunne tilby meir forskingstid.

### **O 34/21 – Opptak 2021 - Status ved studiestart**

Rektor orienterte kort.

FF viser til at låge søkjartal på lærarutdanningane er ei nasjonal trend, men er bekymra for dei mindre campusane Sogndal og Stord. Viser til ei bekymring knytt til studieplassar og fagmiljø og stiller spørsmål om HVL skal gjere ei analyse av årsak til dei svake søkjartala? NTL stiller også spørsmål om utdanningane vert for like på alle studiestadane og i konkurranse med oss sjølv viser til at dei mindre studiestadane taper.

Rektor noterer bekymringane og tilbakemeldingane. Han viser til at det er ein krevjande oppgåve å vise at vi er ein samla institusjon samstundes som vi skal profilere alle fem campus. Det er viktig å analysere desse tala og sjå på årsakene bak tala, for det krevst handling framover for å få opp søkjartala og få til levande campus. Det vert eitt viktig arbeid framover.

NTL stiller også spørsmål om korleis HVL arbeider politisk med denne saka. Rektor viser til at ein har stor fokus på dette, blant anna gjennom UHR systemet.

Rektor viser til at ein i tillegg til det gode arbeidet studentrekruttering gjer i dag, og treng tips og metodar for å auke rekruttering. Det er viktig å starte tidleg og marknadsføre utdanningane våre internt på fakulteta og på HVL nivå.

For andre utdanningar viser NSF til at det er behov for å knytte kommunane tettare på utdanningane, då spesielt i sjukepleie er det ute er behov for kvalifisert arbeidskraft, men kommunen ikkje legger inn innsats sjølv og studieplassane står tomme.

### **o-35/21 Orienteringar frå rektor**

Rektor orienterte kort. Ingen innspel frå HTV.

### **24/21 Drøftingssak – Administrativ understruktur HVL**

Organisasjonsdirektør orienterer kort. Det er gjennomført eit prosjekt/utviklingsarbeid knytt til den administrative understrukturen i HVL.

Vernetenesta stiller spørsmål om dei burde ha vore med i prosessen sidan dette påverkar arbeidsmiljøet? Organisasjonsdirektøren viser til at HVO har fått framlagt informasjon til drøfting på dette møtet samtidig som HTV.

FF viser til at det er positivt å rydde opp i kva som er ansvarsområde og nivå på tvers i organisasjonen. Det gjer

strukturane meir oversiktleg. Samstundes blir det vist til at saka er komplisert og vanskeleg å forstå. Stiller spørsmål om det skal leggest inn ekstra stillingar inn i administrasjonen og om implementeringa/namneendringa berre gjeld for administrative einingar.

Organisasjonsdirektøren viser til at implementering ikkje krev fleire stillingar i administrasjonen. Arbeidet er gjennomført for å rydde opp i strukturen vi allereie har. Prosjektet gjeld berre for administrative einingar.

Parat viser til at dette er ei sak som treng modning. Det er stort behov for å rydde opp i namn og nemningar administrativt. Viser til at fordelinga mellom faggruppe, team og nettverk er forståeleg, vidare er det fornuftig å legge det til eitt nytt nivå istadenfor å bruke gjeldande nivå 4. Parat stiller vidare spørsmål om det vert tenkt kompensasjon for rolla som teamkoordinator sidan fagansvarlege tidlegare har fått dette.

Organisasjonsdirektøren viser til at det tidlegare har vore ulike praksis knytt til avlønning av fagansvarlege og teamkoordinatorar, men dette vil bli vurdert inn mot arbeidet/revisjon av særavtale for verv og funksjonar.

NTL har eitt par innspel til arbeidet:

- 1) Arbeidsgjevar må passe på at det ikkje vert eitt sterkare hierarki enn i dag, og at ein må ta omsyn til forholdet mellom fagansvarleg og personalansvarleg i einingane.
- 2) Administrativt samarbeid på tvers. Ein må ta omsyn med å implementere nye system for samarbeid.

Organisasjonsdirektøren tek med seg innspela vidare. Grunnmuren i arbeidet og etablering av nytt system vart gjort ved fusjon og det er viktig å kunne implementere og vidareutvikle dette.

### **25/21 Informasjonssak – Justering av direktørane sine ansvarsfelt**

Organisasjonsdirektøren orienterer kort om arbeidet. Viser til sak som er orientert om på vestibylen. FF viser til at det er viktig å sette opp ei tidsplan for medbestemming til arbeidet, dersom det vert forhandlingar om endringar i organisasjonskartet. Organisasjonsdirektøren viser til at det er ein relativt open inngang til, og at kva endringar som vert gjort vil tre fram etter kvart som prosessen går i einingane.

Organisasjonane ønskjer at denne saka blir sett opp på dagsorden på informasjonsmøta der arbeidsgjevar kan gje ei statusoppdatering vise til framdrift av saka og organisasjonane kan vere diskusjonspartnarar i arbeidet. Organisasjonsdirektøren er samd i dette.

### **26/21 Informasjonssak – Råd og utval: prolongering av funksjonstid og justering av mandat og samansetnad**

Organisasjonsdirektøren orienterer kort. FF stiller spørsmål kvifor campusråda sine funksjonar er sett på pause. Organisasjonsdirektøren viser til at saka om moglege alternativ til campusråd har vore løfta til leiargruppa, men diskusjonen ikkje er sluttført. Det er i tenkinga at campusråda kan vere meir fagleg relevante, og kan ivareta fagutviklinga på campus på tvers av fakulteta. Det er ingen plan for å svekke campusperspektivet, men å styrke det. Tidsplan er sett til september/oktober. HTV vil bli orientert om arbeidet.

### **27/21 Eventuelt**

#### **Sak frå FF - Særavtalar og praksis**

FF har spilt inn problemstilling knytt til særavtalane i HVL og då spesielt særavtale for verv og funksjonar. Viser til at den i liten grad vert nytta og at det er ulike praksis på bruken av dette ute på fakulteta.

Organisasjonsdirektør viset til at han deler oppfatninga til FF, hensikta med særavtalen er å få til likebehandling av like tilfelle på tvers, men at det kan vere ulike løysingar.

Organisasjonsdirektøren viser til at det vil bli starta eitt arbeid med å sjå på avtalen, for gå igjennom innhaldet og viser der til sak 24/11 Administrativ understruktur i HVL for å sjå om ein kan legge til administrative tilsette inn i denne avtalen.

Arbeidsgjevar vil utarbeide betre informasjon og informere ut til fakulteta om særavtalane i HVL.

## **Sak frå UDF – Interne stipend og kompensasjon av timar grunna sjukemelding**

UDF har løfta opp ei problemstilling til interne stipend og kompensasjon for timar som går tapt på grunn av sjukemelding over tid, der dei vert ulikt kompensert i ettertid, det er ønskjeleg om ein felles praksis for dei som er sjukemelde.

Organisasjonsdirektør tek med seg innspelet vidare, og vil sjekke i fakulteta korleis dette vert praktisert i fakultetet og kjem tilbake med informasjon til HTV.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.*